



Notat

Dato: 17.08.2016
Arkivsak: 2014/18050-19
Saksbehandlar: silfoyn

Til: Snorre Waage

Frå: Silje Øvrebø Foyn, Gunnbjørg Austrheim, David Sandved

Høyring og offentleg ettersyn av områderegulering Valestrand - Plan id. 12532011003 - Osterøy kommune-Kulturminnefagleg fråsegn

Vi viser til områderegulering for Valestrand Sentrum - planframlegg til høyring og offentleg ettersyn datert 30.06.2016.

Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, har vurdert saka som regional styremakt for kulturminnevern.

Vurdering

Ved første gongs høyring fremja Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune motsegn til høyring av områderegulering for Valestrand Sentrum, Osterøy kommune plan id: 12532011003 grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser knytt til garveriverksemda frå 1800-talet og Bullaeigedommen. På dette grunnlaget vert det gjort framlegg om motsegn til arealbruken i 3 av områda i planen.

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak i saka 21.10.2014 (sak nr 141/2014) og fremja motsegn. Utvalet gjorde slikt vedtak:

1. Ved handsaming av reguleringsplan i 2007 fremja Riksantikvaren motsegn til dåverande plan for Timberdalen 135 bnr 9 og 16 m fl. Valestrandsfossen i Osterøy kommune. Grunnlaget for motsegna frå 2007 er ikkje løyst i noverande planframlegg. Planframlegget manglar omsynssone rundt garveri- og naustmiljø og er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
2. Område ved Nausthaugen er lagt inn som BKB09 med føremål kombinert byggje- og anleggsføremål. Dette er ikkje i samsvar med dei omsyna som Riksantikvaren har sagt skal takast i og ved garveriverksemda, jf vedtak frå 2007. Planen er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Kulturmiljøet omkring Bullaeigedommen har nasjonal kulturminneverdi og må sikrast med ei tilstrekkeleg stor omsynssone kring eigedommen. I planframlegget ligg areal BKB05 slik til at tiltak kan redusera dei kulturminneverdiane som omsynssona skal ta i vare. Det er knytt motsegn til dette punktet.

4. Motsega kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovanfor.

5. Kultur- og ressursutvalet rår til at Osterøy kommune tek omsyn til dei andre merknadene som er knytt til planforslaget.

Osterøy kommune har ved høyring av områderegulering for Valestrand tatt motsegn til følgje. I planframlegget som no ligg føre er garveri -og naustmiljø sikra med omsynssone H570_02 med føresegns. Nausthaugen er endra til føremål G (grøntstruktur). Vårt krav om utviding av omsynssone omkring Bullaeigedommen er teke til følgje. Omsynssona H570_1 kring Bullaeigedomen er sikra med ei tilstrekkeleg stor omsynssone.

Motsegn på grunnlag av konflikt med nasjonale kulturminneinteresser som vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 21.10.2014 fell difor bort.

Automatisk freda kulturminne

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei arkeologisk registrering innafor planområdet jf. §9 i kulturminnelova. Uffyllande informasjon er gitt i brev av 31.01.2013. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne.

Etter avtale med Osterøy kommune i e-post av 12.10.2011 er det ikkje utført arkeologiske registreringar innanfor området rundt Bullaeigedommen, då denne i planforslaget er lagt som omsynssone med føremål vern, jf. plan- og bygningslova §11- 8c, §12-6 og §12-7 nr.6. Føresegna til H570_01 i det nye planframlegget sikra at tiltak som kan vere skadeleg for mogleg uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje kan settast i gang i dette området.

Vi ber om at formuleringa under blir lagt til under 1. Generelle føresegns:

Dersom det i samband med arbeid i marka eller i sjø kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda må ein straks melde frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet, jf. meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Andre kulturminnefaglege merknader

- H570_4 og H570_03
Fylkesrådmannen rådde sterkt ifrå riving av Eldsteskulen. Det er positivt at Eldsteskulen og Eideshuset er sikra med omsynssone H570_04 og H570_03 med føresegns
- BKB05
Vi har tidlegare spilt inn at omsynssone H570_1 skulle omfatte heile BKB05 for å sikre siktslinene bort til Bullahuset/Bullaeigedomen. Vi stiller oss positiv til slik kommunen har valt å løyse planen her og at bygningen er trekt noko tilbake frå vatnet for å redusera fjernverknader for kulturlandskapet.
- o_BAS02
Vi har tidlegare gjeve fråsegn til at vi er kritisk til gangveg o_BAS02 i sjø framfor garveriet BKB10. Vi er framleis av den oppfatning at gangvegen og naustmiljøet vil være betre tent med at ein legg tilkomsten frå Valestrand kai til garverimiljøet i gangveg bak naustmiljøet før den kjem ut til sjøen i o_BAS03.

Konklusjon

Vi ser på det som positivt at Osterøy kommune legg frem ein plan der kulturminne og kulturmiljø er godt ivaretake. Vi har stor tru på at planarbeidet med ivaretaking av kulturminne legg til rette for gode kvalitetar i og rundt Valestrand sentrum.